

## 1. INNHALDSLISTE

<b>1. INNLEIING</b>	<b>2</b>
1.1 UTFORDRING	2
1.2 MÅLSETJING	2
1.3 PROSESSEN	2
<b>2. GRÅGÅSA</b>	<b>4</b>
2.1 UTBREIING OG HABITATVAL	4
2.2 BESTANDSSTORLEIK OG BESTANDSUTVIKLING	4
2.3 HEKKING OG TREKK	5
2.4 PREDATORAR	6
<b>3. GRÅGÅSA SOM SKADEVALDAR OG MOGLEGE TILTAK FOR Å REDUSERE OG AVGRENSE SKADENE</b>	<b>7</b>
3.1 VANLEGE SKADER	7
3.2 TILTAK FOR Å REDUSERE OG AVGRENSE SKADANE	7
3.3 TILTAK FOR Å FÅ GÅSA VEKK FRÅ INNMARKA	9
<b>4. SKILDRING AV SITUASJONEN I FLORA KOMMUNE OG SKISSE TIL LØYSING</b>	<b>11</b>
4.1 BESTANDSKARTLEGGING	11
4.2 SKADEREGISTRERING	11
4.3 TILTAK FOR Å LØYSE PROBLEMA OG SITUASJONEN I DEI ULIKE SONENE	13
4.3.1 TILTAK SOM ER FELLES FOR ALLE SONENE	14
<b>LITTERATURLISTE</b>	<b>15</b>

## **2. 1 INNLEIING**

Auken i grågås bestanden i Noreg har fleire stader ført til konflikhtar med jordbruket. Auken i bestanden kombinert med andre tilhøve, slik som mellom anna endring i driftsformer i jordbruket og i bruken av utmarka, har gjort at grågåsa i større grad trekkjer inn på dyrka areal for å beite.

Slik er også situasjonen i Flora kommune. Konfliktane i høve til grågås beite er ikkje store dersom ein ser på heile kommunen samla, fordi skadane er konsentrert til enkelte områder. I desse områda har fleire grunneigarar monalege avlingstap som følgje av grågåsbeite.

Beiteskadane kombinert med at grågåsa trekkjer tidleg, slik at ein ikkje får redusert bestanden i den ordinære jakttida, har ført til frustrasjon hos grunneigarane.

Flora Kommune sette i år 2000 i gong arbeid med å lage ein forvaltningsplan for grågås. Denne planen vart då diverre ikkje slutført.

I 2009 vart det utarbeidd ein plan basert mykje på det arbeidet som då var utført. Denne planen er i hovudsak ei vidareføring av planen frå 2009..

### **2.1 UTFORDRING**

Hovudutfordringa for arbeidet med forvaltningsplanen for grågås i Flora kommune er å finne tiltak som kan redusere skadane som følgje av grågåsbeite til eit akseptabelt nivå, samstundes som ein legg til rette for ei berekraftig forvaltning av grågåsbestanden i kommunen.

### **2.2 MÅLSETJING**

Arbeidsgruppa bestemte på første møte at målsetjinga med forvaltningsplanen er den same som i DN-rapport 1996-2 "Handlingsplan for forvaltning av gjess". Desse måla er:

- Grågåsa som biologisk ressurs skal forvaltast slik at ein sikrar leveområda og ein levedyktig grågåsbestand.
- Berekraftig hausting av grågåsbestanden skal gjevast rette rammevilkår, slik at jakta fungerer både som eit effektivt forvaltningsverktøy og eit attraktivt fritidstilbod.
- Konfliktane mellom grågåsa og landbruksnæringa må løysast på ein forsvarleg måte.

Desse måla har vore lagt til grunn for arbeidet, men det har vore lagt størst vekt på å løyse konfliktane i høve til landbruket på ein miljømessig god måte. I dette har det likevel vore teke omsyn til jaktinteressene, fordi jakta er eit vesentleg forvaltningstiltak.

### **2.3 PROSESSEN**

Forvaltningsplanen har i stor grad vore utarbeidd i samarbeid med grunneigarane. Dette samarbeidet har vore viktig, fordi det er grunneigarane som har best kjennskap til problema, og det er dei som skal gjennomføre forvaltningstiltaka. Arne Follestad frå NINA-NIKU har vore på synfaring i kommunen, og fungert som fagleg rådgjevar i prosessen.

I arbeidet med planen har planar vedteke i forvaltningsorgan som ligg over det kommunale nivået danna rammene for arbeidet. Det har derfor vore arbeidd med å finne løysingar som ligg innanfor desse rammene, samstundes som dei imøtekjem problema til grunneigarane.

Det har vore halde eit allmøte i samband med oppstart av planarbeidet. Dette møtet vart annonsert i lokalavisa. Fleire grunneigarar hadde dessutan informert kommunen om at dei hadde problem knytt til grågåsa. Desse vart kalla inn til møtet med brev. Grunneigarane vart oppmoda til å finne kontaktpersonar for sitt område, slik at ein fekk eit bindeledd til kommunen.

Det har vore nedsett ei arbeidsgruppe, denne har vore samansett av representantar frå

- Florø Jeger og Fiskeforreining
- Florø Fugleforreining
- Flora Bondelag
- Flora Bonde og småbrukarlag
- Miljøvernleiar og skogmeister frå Flora kommune

For å prøve å fange opp områder/grunneigarar der kommunen ikkje hadde registrert konflikter vart det sendt ut brev til grendeutvala.

Det har vore gjennomført ei skaderegistrering for å få eit oversyn over omfanget av skadane. Vidare har det vore gjort ei bestandskartlegging som har supplert den kartlegginga som kommunen hadde gjennomført tidlegare.

Det har vore 3 møter i arbeidsgruppa. I tillegg har det vore halde møter med kontaktpersonane, og grunneigarane i dei ulike sonene.

Som det vart nemnt innleiingsvis vart planen ikkje fullført då ein tok til arbeidet i år 2000 og materialet har såleis lege unytta ei tid. Ein ser ikkje at det har skjedd store endringar i høve grågåssbestanden i kommunen sidan dette anna enn at den truleg har auka ytterlegare. Det har og skjedd nokre mindre endringar i lovverket som ein har teke omsyn til. Elles er registreringane av hekkebestanden oppdatert om enn ikkje systematisk. Det har ikkje vore halde nye møter i arbeidsgruppa.

## 2. GRÅGÅSA

### 2.4 UTBREIING OG HABITATVAL

#### *Generelt*

Grågåsa (latinsk namn *Anser anser*) er ein trekkfugl, som hekkar i nordområda frå Island og Skotland i vest gjennom Russland og til Stillehavet i aust. Den vestlege delen av grågåsbestanden har ei samanhengande utbreiing i nordvestre og sentrale delar av Europa. Denne bestanden er skilt ut i ein eigen underart med latinsk namn *Anser anser anser*. Den populasjonen som hekkar i Noreg av denne underarten, skil seg klart frå andre populasjonar i Europa, mellom anna i høve til hekkebiologi og habitatval. Dette gjer at forvaltninga av populasjonen må tilpassast populasjonen sine særtrekk.

I Noreg hekkar grågåsa langs heile norskekysten, men hovuddelen av bestanden finn ein frå Rogaland og nord til Porsangerfjorden. Hekkeområda er å finne i tilknytning til saltvatn, ofte på holmar og øyer. Reira blir som regel plassert i skjul, til dømes under busker, i røsslyng eller i skog. Hekkemønsteret skil den klart frå den mellomeuropeiske grågåsa som i hovudsak hekkar i tilknytning til ferskvatn og brakkvatn. I den seinare tid har den norske grågåsa vist ein tendens til å hekke lenger frå sjøen, men dei fleste kulla søker seg ned til sjøen kort tid etter hekking.

Valet av næring er og forskjellig frå andre populasjonar av grågås i Europa. I Noreg beitar grågåsa i hovudsak på gras og urter. Den norske grågåsa har derfor vesentleg kortare nebb enn anna grågås som beitar på plantar som veks i vatn.

#### *Flora kommune*

I Flora kommune følgjer grågåsa i hovudsak same mønster som i resten av landet men det synest no som om hekkeområda vert utvida stadig lenger austover. Det er etterkvart mange hekkelokalitetar innover i Høydalsfjorden og inst i Eikefjorden. I Botnafjorden/Nordalsfjorden er dei austlegaste lokalitetane ein kjenner på Sagøya, men det er her og truleg hekking på øyane/holmane lenger aust i fjorden. Dei seinare åra har grågåsa og teke i bruk hekkelokalitetar i ferskvatn. Det er registrert hekking i Nytingnesvatnet og i Vassetevatnet der det no truleg er minst 3 par som hekkar. Dei fleste registrerte hekkelokalitetane finn ein på øyer og holmar.

### 2.5 BESTANDSSTORLEIK OG BESTANDSUTVIKLING

#### *Noreg*

Sidan 1970-talet har ein opplevd ei kraftig auke i bestanden av grågås i Noreg. Enkelte stader er bestanden 3-4 dobla. Denne utviklinga er og registrert i grågåsebestandane i andre land, og for andre artar av gås. Gåsa utnyttar i stor grad det mattilbodet landbruksareala kan by på, og beiteskader som følgje av gåsebeite er såleis ikkje eit problem ein berre finn i Noreg. Forskarane trur at auken i bestandane av grågås og anna gås i stor grad skuldast freding av store områder i Vest-Europa som gåsa bruker til rasteplassar og overvintringsområder.

Grågåsa er sky i hekketida, og det er derfor vanskeleg å telje den. Dette gjer at det ikkje ligg føre nøyaktige tal for den norske hekkebestanden. I DN-rapport 1996-2 reknar ein med at den norske hekkebestanden er på mellom 7 000 og 10 000 par. På Vega i Nordland fylke har det vore drive omfattande registreringar av grågåsbestanden. Tal frå oppteljingar her viser ei utflating i bestanden fram mot midten av 1990-talet. Same tendensen til utflating ser ein og i Rogaland. Om denne utflatinga representerer ein generell tendens for heile kysten er vanskeleg å sei.

#### *Flora kommune*

I Flora kommune har auken i bestanden av grågås blitt merkbar dei siste 10 - 15 åra ved at skadane på innmark som følgje av beiting frå grågåsa har auka. Alle grunneigarane vi har vore i kontakt med i samband med utarbeidinga av forvaltningsplanen fortel om ei merkbar auke i bestanden.

Det har ikkje vore gjort noko kartlegging av bestanden av grågås i kommunen før i 1999. I samband med oppstart av arbeidet med forvaltningsplanen vart det sendt ut bestandsregistreringsskjema i 2000. Då det var få som returnerte skjemaet, har denne registreringa fungert som ei supplering til den eksisterande registreringa, i staden for å fungere som ei ny registrering. Denne registreringa som byggjer på samtaler med grunneigarar og andre lokalkjende i områder der ein veit/trur det hekkar grågås. Det kan difor vere at ein del mindre hekkelokalitetar er utegløynt. Registreringa har vore ”oppgradert” etterkvart som ein har fått nye/betre observasjonar for einskilde lokalitetar . Det er noko usikre tal for ein del av lokalitetane og registreringa har 171 hekkande par som lågaste tal og 206 som høgste. Den samla hekkebestanden i Flora kommune er derfor vanskeleg å sei noko om men utifrå registreringane og skjønsmessige vurderingar er den truleg på godt over 250 par.

## 2.6 HEKKING OG TREKK

### Generelt

Kor tid grågåsa kjem attende frå overvintringsområda varierer både frå sør til nord i landet, og innan populasjonane i dei ulike områda. Frå undersøkingar på Vega ser ein at det kan gå lang tid frå dei første fuglane kjem, til dei legg egg, medan dei som kjem sist ofte legg egg kort tid etter at dei er komne. Kvar tid gåsa kjem til hekkeområdet er derfor eit dårleg mål på hekketidspunktet.

Tidspunktet for egglegging varierer og i gradienten sør-nord. I Rogaland startar egglegginga i midten av april, medan den ikkje tek til før kring 20. mai i Finnmark. I Nederland og Sverige kan egglegginga starte så tidleg som i februar, men skjer som oftast i mars. Dette gjer at ein har ein variasjon på tidspunktet for egglegging på to månader frå sør til nord innan same arten. Det har i fleire år vore stilt spørsmål om grågåsa hekkar tidlegare enn før. Både tidlege observasjonar av kull og tidleg trekk om hausten kan tyde på dette. Kva dette skuldast er vanskeleg å sei.

Grågåsa dannar par som varer livet ut, dersom det ikkje skjer noko med den eine fuglen. Dersom ei gås mistar maken sin, vil den normalt ikkje danne nytt par og starte hekking det året. I staden slår den seg saman med flokkane av fuglar som ikkje hekkar. Desse består i hovudsak av fugl som ikkje er kjønnsmoden. Ungfuglen kan vere kjønnsmoden og danne par ved utgangen av andre leveår, men gjennomfører som oftast ikkje vellukka hekking før minst eit år seinare. Rugetida er mellom 27 – 29 dagar. Ungane blir flygedyktige i løpet av den tiande veka etter at dei er klekte, men kan flakse av stad nokre dagar før.

I perioden frå ungene er klekte til dei er flygedyktige gjennomfører foreldra myting av vingefjóra. I denne perioden såleis verken ungene eller foreldra flygedyktige.

Grågås som ikkje hekkar trekkjer ut i spesielle myteområder, der den kan føle seg trygge for fiendar. Når grågåsa er flygedyktig etter mytinga trekkjer den i delvis attende til gode beiter i det hekkeområdet den kjem frå.

I dei seinare åra har tendensen vore stadig tidlegare trekk sørover for den norske grågåsa. Dette kan oppfattast som ein reaksjon på tidleg jakt og jaktseleksjon av individ som trekkjer tidleg, eller vere eit resultat av tidleg hekking. Det tidlege trekket kan og oppfattast som ein ny strategi for grågåsa. Ved å rekkje tidleg vil den dra fordelar av gode beiteområder i Nederland. Her finn dei mat som til dømes spillkorn, gulrot, erter og kålplantar. Denne maten er av mykje betre kvalitet enn gammalt gras langs norskekysten, og er såleis å føretrekkje. Det tidlege trekkjet gjer at grågåsa no mest sannsynleg myter kropp- og stjørtfjóra på rasteplassar i utlandet.

Grågåsa har tradisjonelt overvintra i Marismas i Sør-Spania. Nokon overvintrar og i Noreg, først og fremst på Jæren og på Lista. Kva desse hekkar er uvisst. I følge NINA-utredning 65 frå 1994 overvintrar ein stadig større del av den norske grågåspopulasjonen i Villafafila i Nord-Spania eller i Nederland.

### **Flora kommune**

Bestandsregistreringa som er gjort i samband med forvaltningsplanen viser at gåsa kjem frå midten av mars til byrjinga av april. Dei første kulla er observert 8. mai (2002). Dei fleste grunneigarane rapporterer om at hekkefuglen trekkjer tidleg. Fleire stader startar den lokale hekkefuglen trekket i slutten av juli/byrjinga av august, og det er lite/ikkje fugl att når jakta startar 10. august.

Dei seinare åra er det observert nokre få fuglar som overvintrar i kommunen. Om dette er grågås som hekkar i dette området, eller om den hekkar lengre nord er usikkert.


### **2.7 PREDATORAR**

Grågåsa har få naturlege fiendar langs norskekysten. Den hekkar vanleg vis ikkje i områder med rev, og havørna er truleg den viktigaste predatoren dersom ein ser bort frå mennesket. Havørna tek gås som ligg på reir, vaksne som ikkje er flygedyktige i myteperioden og ungar. Det kan vere frykt for havørna som får grågåsa som ikkje hekkar til å samlast på utilgjengelege skjær og holmar yttarst i havgapet under mytinga. Dersom dei bli uroa søker dei konsekvent mot ope hav, der vatnet er meir uroleg slik at dei blir vanskelegare å sjå når dei dykkar.

Hubro og kongeørn kan og ta grågås, men i mindre omfang enn havørna. Nokre stader har ein observert at grågåsa føretrekkjer å hekke i skog dersom der finst hubro i området.

Fredinga av havørn og hubro har ført til auka bestandar av desse artane. Dette vil og virke inn på grågåsbestanden på ulike måtar, mellom anna i val av hekke- og beiteområder.

Bestanden av mink har og teke seg noko opp etter at minken nærast har vore vekke i store delar av kommunen ein periode. Om dette har hatt nokon effekt på grågåsbestanden har ein ingen sikre haldepunkt for.



### **3. GRÅGÅSA SOM SKADEVALDAR OG MOGLEGE TILTAK FOR Å REDUSERE OG AVGRENSE SKADENE**

Endringane i landbruket har ført til at mange av områda yttarst i skjærgarden er i ferd med å gro att. Dette gjer områda lite attraktive som beite for grågåsa, og den søker derfor innover for å finne nye beiter. Endring i drifta mot meir intensivt jordbruk, med bruk av gjødsel, oppdyrking, nye planteslag, reduksjon i bruken av utmarka og liknande gjer dessutan jordbruksareala meir attraktive som beite for grågåsa, samstundes som areala kan vere meir sårbare for gåsebeite enn dei gamle engene. Desse tilhøva kombinert med kraftig auke i bestanden har før til at ein fleire stader har skader på innmark som følge av grågåsbeiting.

#### **3.1 VANLEGE SKADER**

I Noreg gjer grågåsa i hovudsak skade på grasavlingar. Graden og omfanget av skadane vil vere avhengig av ei rekkje faktorar som avlingstype, vêrforhold, gjødsling, det samla beitetrykket i ulike vekstfaser, starttidspunkt, og lengde på beitesesongen med vidare. Skadane kan målast i redusert innhausting, eller reduksjon i talet på dyr som kan vere på beite.

Beite tidleg på våren skader det spirande graset, og kan føre til monaleg reduksjon i avlinga. Kva grasart som er i enga vil og vere med på å bestemme graden av beiteskader. Nokre artar toler beite betre enn andre. Det ser ut til at gåsa føretrekk ungt saftig gras utan mykje trevlar, og har såleis dei same preferansane som sau og storfe.

Nedtrakking av graset kan og vere med å redusere avlinga gjennom redusert vekst, og vanskar med haustinga.

Det er og sagt at skit på beite og i foret kan vere problematisk. Nokon hevdar at skiten fører til feil gjæringsprosess siloforet og nokon meiner at husdyra unngår områder med mykje skit, og at dei sorterer ut skit i foret. Dette fører til at dei et seinare og mindre. Andre derimot hevdar at sauene oppsøker områder med mykje gåsemøkk for å ete den. Det er ikkje gjort forsøk her i landet som seier noko om kor reelle desse problema er.

#### **3.2 TILTAK FOR Å REDUSERE OG AVGRENSE SKADANE**

Det er ei rekkje tiltak som kan setjast i verk for å redusere og avgrense gåseskader. Effekten av dei ulike tiltaka kan variere, og som oftast må ein sjå fleire tiltak i samanheng for å få til ei løysing. Det vil vere mogleg å hente erfaringar frå andre områder i Noreg der det er utarbeidd forvaltningsplan for grågås og sett i verk tiltak. Likevel må tiltaka tilpassast dei lokale tilhøva, og det som har vist seg å ha god effekt ein stad, er nødvendig vis ikkje løysinga på problema i eit anna område.

Kva tiltak ein bør velje å setje i verk vil og avhenge av kva fugl som skapar problem. Tiltak vil avhenge av om det er hekkande fugl, ungfugl eller fuglar på trekk som er skadevaldar.

Tiltaka kan grovt delast inn i tre kategoriar:

- Tiltak for å regulere bestanden
- Tiltak for å kanalisere grågåsa vekk frå innmark
- Økonomiske tiltak

I DN-rapport 1996-2 “Handlingsplan for forvaltning av gjess” og i NINA utredning 065 “Innspill til en forvaltningsplan for gjess i Norge” er det skildra ei rekkje tiltak. Tiltaka i dette kapittelet er henta frå desse rapportane.

### **3.2 TILTAK FOR Å REGULERE BESTANDEN**

#### **Ordinær jakt**

Det er etablert praksis i norsk viltforvaltning at skader føresaka av jaktbare artar skal reduserast gjennom regulering og tilpassing av bestandane. Primært skal regulering av jaktbare bestandar foregå i den ordinære jakttida. Ordinær jakttid for grågås er 10.08. – 23.12. Nå størstedelen av fuglen som hekker i kommunen trekkjer i månadsskiftet juli/august har vanleg jakt særst liten effekt i høve å beskatte bestanden lokalt. Det foregår noko gåsejakt i kommunen men størstedelen av det som vert jakta er mest truleg i hovudsak på fugl på trekk sørover frå hekkelokalitetar lenger nord i landet. For å kunne få til ei auka beskatning av fuglen lokalt er det ynskjeleg å starte jakta tidlegare. Fylkesmannen kan med heimel i gjeldande jaktidsforskrift (FOR-2012-03-01 nr 190) åpne for jakt inntil 15 dagar før ordinær jaktstart når det føreligg lokal forvaltningsplan.

For å få til ei effektiv jakt vil det vere gunstig med samarbeid mellom grunneigar, der ein går saman om å tilretteleggje for jakt og sal av jaktkort. Gåsejakt er ei utfordrande jakt som set krav til jegerane, det er og stor fare for skadeskyting. Det vil derfor vere ønskjeleg å få til opplæring og bevisstgjerung av jegerane.


#### **Skadefelling**

Når skadane føresaka av grågåsa blir store kan grunneigar søke om skadefellingsløyve. Det ligg ikkje føre studiar som kan sei noko om at skadefelling verkar etter intensjonen slik at skadane faktisk blir redusert. I høve å halde flokkane med ungfugl vekke hevdar dei som har freista det at å felle einskilde fuglar gjer fuglen meir sky og at effekten av andre skremmetiltak vert betre. Dersom ein skal bruke skadefelling bør dette gjerast i lag med andre skremmetiltak. Før ein fekk utvida jakttid gav ein årleg skadefellingsløyve på hekkefugl tidleg på våren før hekkinga tok til. Dette var grunngeve med at den lokale hekkefuglen trekkjer så tidleg at ein ikkje fekk hausta av den i ordinær jakttid og dette var naudsynt for å stogge bestandsveksten i einskilde område. Bestandsregulering skal i hovudsak skje gjennom ordinær jakt, og slik felling på våren er og utifrå etiske omsyn lite ynskjeleg. Etter at ein fekk utvida jakttid har det ikkje vore gjeve slike løyve.

#### **Eggsanking**

Eggsanking har tradisjonelt vore ein måte å hauste av ressursane på langs kysten. Det varierer kor sterk denne tradisjonen framleis er. Eggsanking vil vere ein skånsam måte å redusere hekkebestanden i eit område på. Ved å redusere talet på egg i reira frå 5-6 til 2-3 vil ein få ein reduksjon både i ungfugl, og på sikt i hekkande fugl. I høve gjeldande jaktidsforskrift (FOR-2012-03-01 nr 190) er det høve å sanke egg t.o.m. 15. april. Fylkesmannen kan der det inngår i lokal forvaltningsplan gje løyve til sanking utover dette.

Dersom ein tek i bruk eggsanking, må ein vere merksam på at talet på vaksne individ i bestanden vil vere høgt, noko som kan føre til hardare jakttrykk på dei vaksne. Ein bør derfor vurdere om ein i år med effektiv eggsanking skal følgje opp med restriksjonar på jakta, slik at ein ikkje reduserer bestanden unødvendig hardt gjennom å både redusere rekrutteringa til bestanden og hekkebestanden.





### 3.3 TILTAK FOR Å FÅ GRÅGÅSA VEKK FRÅ INNMARK

#### Skremming

Det er mange metodar for å skremme vekk gås frå dyrka mark, generelt kan ein sei at det berre er fantasien og økonomien som set grenser.

- **Fugleskremsel og andre gjenstandar:** Grågåsa er sky og forsiktig, men den venner seg fort til både skremslar og menneskeleg aktivitet. Derfor kan slike tiltak vere effektive i ein kort periode, men tiltaka har ofte berre ein kortvarig effekt. Dersom det skal fungere over lengre tid må ein stadig flytte på dei eller endre utsjånad. Dette kan ofte bli svært tidkrevjande. Denne type skremsel er derfor mest brukbare i områder der det er lett å kome til, eller der ein ferdast til dagleg, slik at ikkje tidsbruken blir for høg. På dagar med fint ver, kan ein setje ut radio/lydopptak slik at ein kombinere skremsla med kraftige lyder.
- **Innflygingsstengsel:** Lange breie plastband med streke fargar som vert sett opp eller spent opp over dyrka mark der gåsa landar, kan fungere som skremsel dersom gåsa renner i banda og deiser i bakken. Ein må ta omsyn til at gåsa skal skremmast, men ikkje bli skada. Avstanden mellom banda treng nødvendigvis ikkje vere tett. Ein kan lure gåsa ved å bruke vekselvis fargesterke band, og sener, slik at gåsa kjem bort i sena dersom den prøver å lande mellom banda. Banda og senene må ha såpass med slakk, at gåsa kan dra dei ned til bakken utan at gåsa blir skada i samanstøta med banda.
- **Lyd:** Skremming med lyd kan omfatte alt frå avansert teknisk utstyr, til eigenproduserte innretningar og radio. Tiltaket kan fungere rimeleg godt, men må brukast med fornuft slik at ikkje lyden blir til sjenanse for naboar. Ein kan til dømes vurdere å bruke endelause kassettband med opptak av havørn, ramn, hubro og liknande.
- **Atrapper:** Figurar som visar gås i oppflukt frå bakken, kombinert med ein figur (jeger) som førestillar å løsne skot mot gåsa kan fungere. Nokon hevdar og at tamgås jagar vekk villgåsa, men dette er ikkje utprøvd.
- **Hund:** Bruk av hund til skremming har vist seg å vere totalt mislykka, fordi grågåsa er svært aggressiv når den har ungar. Bruk av hund som er trent til formålet kan kanskje fungere mot gås som ikkje hekkar og har ungar den vil forsvare.
- **Utstoppa havørn:** Strategisk plasserte utstoppa havørner har vist seg effektivt på Vega der det har vore prøvd. Figurar av havørn burde kunne fungere like bra.

Felles for alle skremmetiltaka er at dei berre hindrar gåsa å lande, eller skremmer dei vekk frå områda. Skremming åleine vil derfor berre flytte problema, ikkje løyse dei.

#### Etablering av friområder

Den beste måten å løyse delar av beiteskadeproblema på er sannsynlegvis å setje av friområder der gåsa kan beite i ferd, kombinert med skremmetiltak for å få gåsa vekk frå dei områda der den gjer skade. Etablering av slike områder kan gjerast på ulike måtar, avhengig av lokale tilhøve. Eksemplar på dette kan vere:

- Ved gjerding kan ein setje att ei smal stripe dyrka mark mot sjøen/vatnet, der gåsa kan beite uforstyrra. Dette kan avgrense skaden til denne smale stripa.
- Dersom dyrka mark berre blir hausta ein gong, kan denne fungere som friområde for gåsa etter at den er blitt flygedyktig i juli. Litt gjødsling kan vere nok til å skape eit attraktivt beiteområde.
- Opparbeiding av tilgrodde areal, for å betre beitekvaliteten.

For større områder må det setjast av fleire friområder, slik at gåsa har alternativ dersom den blir skremt bort frå ein stad.

Dersom friområda skal vere attraktive for gåsa må områda opparbeidast slik at dei får tilnærma like god kvalitet som dei områda gåsa blir jaga frå. Kvaliteten på områda kan betrast gjennom skjøtsel og eventuelt gjødsling av områda. Dessutan må det vere god tilgang til vatn i området, og ein kan leggje ut kråssestein til gåsa.

### **Auke tilgjengeleg beiteareal**

Auke i beitearealet kan til dømes gjerast ved å restaurere gamal kulturmark og ta i bruk øyer og holmar som ikkje lenger blir brukt til beite. Dette vil vere med å auke det totale beitearealet både for sau og gås, og på den måten få ned beitepresset i området. Dersom ein skal opne alternative beiteareal er det ønskjeleg at ein og har andre beitedyr i område, slik at behovet for skjøtsel ikkje blir så stort. Ein kan og vurdere å lage åkrar med til dømes korn og kål. Dette er artar som gåsa ser ut til å føretrekkje ved beite, og kan dermed vere med å trekkje gåsa inn i dei nye områda.

For å redusere skader føresaka av flokkar med ungfugl bør dessutan moglegheita for å tilretteleggje for beite i eller ved mytingsområda vurderast. På den måten kan ein halde dei borte frå dyrka mark lenger.

Vidare kan det vere aktuelt å skjømte gode bærområder i utmarka. Bær er lett å omdanna og inneheld mykje karbohydrat, og er såleis viktig for kondisjonsoppbygging hos gåsa. Det kan sjå ut til at gåsa har tilpassa tidspunktet for flygedyktigheit med modningstidspunktet for krekling i Midt-Noreg. I år med mykje krekling viser erfaringar frå Midt-Noreg at beiteskadane på innmark er mindre enn i år med lite bær. Skjøtsel av utmarka er lite utprøvd, og effekten er derfor usikker.

### **Utegjerding og leplanting**

Gjerde kan hindre gåsa i å gå frå vasskanten og inn på dyrka mark i den perioden gåsa ikkje er flygedyktig. Tiltaket er aktuelt å bruke mot hekkande gås.

Gåsa føretrekkjer ofte å beite på store opne flater, der det er lett å oppdage predatorar. Planting av hekkar og eller rekkjer av busker og tre, som bryt opp dei store flatene, gjer områda mindre attraktive for gåsa. Spesielt er planting ned mot vasskanten effektivt, fordi det hindrar gåsa i å kome inn på marka frå vatnet. Dersom leplantinga skal fungere over tid, må den kombinerast med skremmetiltak, slik at gåsa forbind trea med fare.

### **Endring av avlingstype og innhaustingstid**

Gåsa ser ut til å føretrekkje nokre plantar framfor andre. Timotei blir klart føretrekt framfor andre plantar dersom gåsa har fleire alternativ. Ein kan derfor leggje om til mindre attraktive avlingstypar for å redusere problemet.

Gåsa ser og ut til å føretrekkje gras med ein viss alder og kvalitet. Ein kan derfor redusere skadane ved å flytte tidspunktet for hausting. Dette kan føre til at ein taper noko på førmengde og kvalitet på førsteslått, men at ein unngår skader på andreslått. Likevel vil dette berre vere med å forflytte eit problem dersom det ikkje vert sett i samanheng med fleire tiltak i ein plan, der friområder inngår som eit viktig element.

## **4. SKILDRING AV SITUASJONEN I FLORA KOMMUNE OG SKISSE TIL LØYSING**

Som i resten av landet har Flora kommune opplevd ei auke i bestanden av grågås. I følge innbyggjarar kring i kommunen hekkar det no gås mange stader der det tidlegare ikkje var observert grågås i det heile. Samstundes har landbruksavdelinga i kommunen opplevd ei auke i talet på rapportar om skader på innmark som følge av grågåsbeite.

Det er omlag 200 gardsbruk i drift i Flora kommune, og det er omlag 15 – 20 grunneigarar med bruk i drift som har rapportert om skader som følge av grågåsbeite. Skadane er ofte monalege for dei grunneigarane som er råka. I tillegg har fleire av grunneigarane også avlingstap knytt til hjortebeite, slik at det totale tapet blir høgt. I områder slik som på øyane i kommunen der tilhøva for jordbruket ofte er marginale i utgangspunktet kan slike problem vere det som skal til for at gardbrukaren gjev opp gardsdrifta. For mange av dei små gardsbruka skal ikkje avlingstapet vere stort før det utgjer ein monaleg del av den totale avlinga. Ein ser no og at bruk stadig lenger austover i kommunen får besøk av grågåsa.

Langs heile kysten ser ein at kystkulturlandskapet er i ferd med å gro att og forsvinne som følge av endringane i jordbruket. Nedlegging av mindre bruk som følge av beiteskader og liknande vil føre til auka attgroing, noko som igjen vil legge større press på dei bruka som er igjen. Å leggje tilhøva til rette for at grunneigarane skal finne løysingar på problema knytt til avlingstap er ikkje berre med på å ta vare på variasjonen i norsk landbruk, men og å ta vare på eit viktig element i den norske natur- og kulturarven.

### **4.1 BESTANDSKARTLEGGING**

Flora kommune gjennomførte ei kartlegging av grågåsbestanden i 1999. Denne kartlegginga er blitt supplert i samband med forvaltningsplanen. Då arbeidet med forvaltningsplanen for grågås tok til i 2000 vart det sendt ut kartleggingsskjema til 32 grunneigarar og til alle grendeutvala i kommunen. Av grunneigarane var det 8 som svara, det er ikkje kome nokon respons frå grendeutvala. Dette gjev ein svarprosent frå grunneigarane på 25%. I tillegg har nokre grunneigarar rapportert om observasjonar på møta som har vore halde. Oversynet over hekkelokalitetar i kommunen er no ajourført i høve til dei nye opplysningane. I den ajourførte bestandskartlegginga er det registrert mellom 20 og 30 fleire par enn i det som vart registrert i 1999. Denne auken skuldast truleg i hovudsak at ein no har ei grundigare registrering enn tidlegare.

Alle observasjonar rapporterer om at grågåsa kjem tidleg, frå tidleg i mars til byrjinga av april. I midten av mai er kulla kome på vatnet, tidlegaste innrapporterte dato er 08.05 (i 2002) og seinaste er 19.05. Vidare ligg alle observasjonar av trekktidspunkt kring første del av august. Dei fleste rapporterer om at gåsa er borte når jakta byrjar 10. august, eller at gåsa startar trekket ved jaktstart. Når det dessutan ikkje er noko organisert jakt på grågås i kommunen er det vanskeleg å regulere bestanden ved jakt i den ordinære jakttida.

### **4.2 SKADEREGISTRERING**

I byrjinga av arbeidet med forvaltningsplanen vart det gjennomført ei skaderegistrering for å få eit oversyn over omfanget av skadane. Det er desse svarskjemaa som har vore grunnlaget for det vidare arbeidet med planen. Det vart sendt ut skjema til 32 grunneigarar. Av desse er det 16 som har svara, dette gjev ein svarprosent på 50%. På møta med grunneigarane er dessutan problema diskutert meir inngåande.

Deltaking i skaderegistreringa har dessutan fungert som ein "utsilingsprosess". I arbeidet med forvaltningsplanen har ein gått ut frå at grunneigarane som har problem knytt til grågåsbeite har eigeninteresse i å delta i arbeidet, då problemet råkar levebrødet deira. Dersom grunneigarane ikkje

har svara på skaderegistreringa, sjølv om dei er blitt minna på det, har ein gått ut i frå at problemet knytt til gåsa ikkje er av ein slik storleik at grunneigaren finn det rekningsvarande å leggje arbeid i å redusere skadane. Ein har derfor konsentrert arbeidet kring dei grunneigarane som har delteke i skaderegistreringa.

Kva årsklasse av grågåsa som er skadevaldar varierer. Nokre stader er det hekkande gås som er det største problemet, andre stader flokkar med ungfugl. Enkelte stader er dessutan gås på trekk eit problem. På øyar som er brukt til beite er det fleire grunneigarar som rapporterer om mykje nedbeiting. Der gåsa oppheld seg på dyrka mark er slåttan redusert på grunn av nedtrakking, beiting og skit. For enkelte er det spesielt andreslåttan som er utsett. Det er mange som har prøvd å skremme gåsa. Erfaringane frå dette er stort sett dårlege. Dette skuldast truleg at ein i liten grad varierer skremmetiltaka, slik at grågåsa venner seg til dei.

Skaderegistreringa tek for seg situasjonen i 2000. Det er fleire grunneigarar som tidlegare har rapportert om skade, som ikkje har hatt skader i år, medan andre har hatt større skader i år. Dette gjeld spesielt i Stavang - Svortevikområdet. I dette området er det mest flokkar med ungfugl som er skadevaldarar.

I tabellane nedanfor er resultatata frå registreringa oppsummert.

**Forklaring til oppsummeringa av skaderegistreringa i 2000:**

Under kvart område i tabellen på neste side er det sett opp kor mange grunneigarar som har svart at dei har problem knytt til dei ulike kategoriane.

Det var ikkje alle grunneigarane som svara, nedanfor er det sett opp kor mange grunneigarar som svara i dei ulike områda.

**Barekstad:** 6 av 7 grunneigarar svara, 2 skjema var lite utfylt.

**Selvågen:** 1 av 2 grunneigarar svara.

**Svanøy/Askrova:** 0 av 4 grunneigarar svara.

**Nærøyane:** 2 av 7 grunneigarar svara.

**Stavangområdet:** 9 av 12 grunneigarar svara. 4 var lite utfylt.

**Kostnader ved tap av avling eller beite:**

For å finne kostnadene i samband med tap av avling er det brukt gjennomsnittstal for tal på føreiningar per dekar frå dei ulike arealtypeane. Kor mange føreiningar ein kan rekne på til dømes ei eng vil variere i høve til kvaliteten på enga. I nokre høve vil talet vere høgare enn gjennomsnittstalet, og i nokre høve vil det vere lågare. Det same tilhøvet har ein for gjødsla beite. Samla sett vil derfor gjennomsnittstalet gje ein god indikasjon på det reelle kostnadsnivået.

**Eng** = 320 foreiningar per da x 3,50 kr per foreining = **1.120 kr/da**

**Gjødsla beite** = 200 foreiningar per da x 3,50 kr per foreining = **700 kr/da**

**Utmarksbeite** = 150 foreiningar per dyr x 3,50 kr per foreining = **450 kr/dyr**

Dette talet gjeld veirebeite. Sau med lam krev fleire foreiningar per dyr.

Når ein reknar 3,50 kr per foreining, er dette kostnaden knytt til å erstatte det tapte foret med kraftfor. Dette er det billigaste erstatningsforet. Høy er til dømes dyrare.

**OPPSUMMERING AV SKADEREGISTRERING 2000**

		Barekstad	Selvågen	Svanøy-Askrova	Nærøyane	Stavang-området	Totalt
Problem knytt til:	Hekkefugl	5	1	0	2	4	12
	Flokkar med ungfugl	5	1	0	1	6	13
	Fugl på trekk	1		0	2	2	5
Skade på:	Innmark	3	0	0	2	6	11
	Beite	4	1	0	2	2	9
Omfang av skade:	Redusert avling	3	0	0	2	7	12
	Redusert beite	4	1	0	2	2	9
	Har prøvd skremming	4	1	0	2	6	13
	Meiner skremming fungerer	1	1	0	1	0	2
Tap	Areal av eng	21			8	30	59
	Tap i kr	23 520	0	0	8 960	33 600	66 080
	Areal av beite	50			29	1	80
	Tap i kr	35 000	0	0	20 300	700	56 000
	Reduksjon i dyretal på utmarksbeite		4				4
	Tap i kr	0	2 100	0	0	0	2 100
	<b>Tap totalt, kr</b>	<b>58 520</b>	<b>2 100</b>	<b>0</b>	<b>29 260</b>	<b>34 300</b>	<b>124 180</b>

**4.3 TILTAK FOR Å LØYSE PROBLEMA OG SITUASJONEN I DEI ULIKE OMRÅDA**

Dersom ein skal få løyst problema som den einskilde grunneigar slit med må ein i dei fleste områda sjå på fleire tiltak som til saman vil gje den ønskete effekten. Erfaringar frå andre stader i Noreg viser at det ikkje er noko enkle løysingar på å redusere skader føresaka av grågåsa på innmark. Når ein skal sjå heile kommunen under eit vil det til dømes vere lite gunstig å føreslå tiltak som berre flyttar problemet frå eit område til eit anna.

Store delar av hekkebestanden i kommunen startar trekket sørover før jakta startar 10. august. Dersom ein skal kunne regulere bestanden gjennom jakt er det derfor naudsynt å få til ein tidlegare jaktstart. For å få tidlegjakt til å fungere har det vist seg naudsynt å ha ei funksjonell ordning med friområder. Dette er dessutan brukt som ein føresetnad for å få godkjent tidlegjakt, fordi ein ikkje ønskjer at ein tidleg jaktstart skal presse grågåsa til å starte trekkjet sørover tidlegare.

På møta med grunneigarane er det fleire som har gjeve uttrykk for at det må opnast for jakt på grågås som ikkje er freda i naturreservata. Dette har og representanten for Florø Jeger og Fiskeforreining i arbeidsgruppa tatt til orde for. Argumentasjonen for dette standpunktet er at det er få areal att i kommunen der ein kan jakte på grågås. Det er og nokre som meiner at dette langt på veg vil løyse grågåsproblema, fordi ein vil få ein meir effektiv jakt.

Erfaringar frå andre stader i landet har vist at friområde for beite og under jakta er heilt naudsynt for å få redusert skadane på innmark og for å få ei jakt som fungerer. Framfor å gå inn for å opne for jakt i naturreservata har ein valt å bruke nokre av naturreservata til friområde for beite og jakt, og i planen er det føreslege skjøtsel av fleire av reservata i kommunen. Dersom ein skal få dette til å fungere er

det heilt avhengig av at grunneigarane går saman og organiserer jakta på ein slik måte at også dei som er grunneigarar i friområda blir teke med som “fullverdige grunneigarar”, fordi jakta ikkje kan gjennomførast utan deira eigedomar.

Når det gjeld å fastslå naudsynt storleik på dei friområda som er føreslege opparbeidde, har ein sett på storleiken på areala som er skada av grågåsbeite, og gått ut i frå at arealet på beite i friområda omlag må tilsvare det skadde arealet.

#### **4.3.1 TILTAK SOM ER FELLES FOR ALLE OMRÅDA**

I alle sonene har ein lagt opp til skremmetiltak for å halde gåsa vekk frå innmark, samstundes som ein satsar på å få tilrettelagt friområder for beiting. Forvaltningsplanen legg og opp til å få til tidlegare jakt, slik at ein kan halde bestanden under kontroll ved å hauste av den.

##### **Skremming/utegjerding**

For å halde gåsa borte frå innmarka må ein setje i verk tiltak som skremmer den bort, eller som fysisk hindrar den å komme inn i området. Dette kan vere ulike skremmetiltak og oppsett av lave gjerde langs strandsona som held gåsa ute før ungane kan flyge. I områder der det er flygedyktig fugl som er problemet kan innflygingsstengsel hjelpe til med å halde gåsa borte. Dersom ein skal få skremming til å fungere må ein vere flink å flytte og justere på skremsla slik at ikkje gåsa venner seg til dei. Graden av suksess vil og ofte vere avhengig av at ein kombinerer ulike skremmetiltak, slik at dei blir vanskelegare å ”avsløre”. Dette kan vere vanskeleg i nokre områder, som til dømes på holmane. Der kan det hende at ørnemodellar, atrapper og liknande kan fungere om dei vert flytta ofte nok.

##### **Friområder og opparbeiding av beite**

Skremming kombinert med friområder der gåsa kan beite i fred utan å bli forstyrra har vist seg å ha god effekt når ein skal redusere skader på innmarka som følgje av grågåsbeite. Friområder har dessutan vist seg heilt naudsynt dersom ein skal få tidlegare jakt til å fungere, fordi friområda gjer til at gåsa ikkje startar trekket tidlegare. Det er viktig å merkje seg at friområda for beiting ikkje treng vere dei same som friområda under jakta. Skal friområda under jakta fungere er det dessutan viktig at jegerane respekterer dei.

Friområda bør så langt som mogleg og vere beite for sau eller andre husdyr, slik at ein held nede kostnadene til vedlikehald. For å gjere områda attraktive som gåsebeite må friområda til førest næring gjennom gjødsling og til dømes kalking, slik at beitekvaliteten blir heva. Erfaringar frå andre kommunar viser at dersom ein skal få gåsa til å bli i områda må ein ha tilnærma like god beitekvalitet i friområda som i dei områda gåsa blir jaga vekk frå. For å gjere friområda attraktive er det og vesentleg at det er god tilgang på vatn og kråsstein i området.

##### **Tidlegare jakt og organisering av jakt**

Fordi grågåsa startar trekket tidleg, vil ei hausting av bestanden lokalt føresette at ein kan ta til med jakta tidlegare enn ordinær jaktstartsstart som er 10.08 i høve gjeldande jakttidsforskrift (2007–2012). Ein vil difor søkje Fylkesmannen om utviding av jakta i høve det maksimale dei kan gje noko som inneber jaktstartsstart 26.07.

Den utvida jakta kan berre føregå i tidsrommet kl 04:00 – 11:00. Dette i lag med friområda som ligg i naturreservata med jaktforbod trur ein vil vere tilstrekkeleg til at den utvida jakta ikkje får gåsa til å framskude trekket. Om det skulle syne seg at jakttrykket likevel vert så stort at gåsa vel å framskude trekket må ein revurdere dette og sjå på ei ytterlegare regulering av den tidlege jakta. Dette kan gjerast ved anten å regulere tidsrommet for jakta og/eller kva område det vert jakta i. At jakta skal fungere vil vere både i grunneigarane og jegerane si interesse og dei må då i fellesskap få til ordningar som får dette til.

**Utvida eggsanking :**

Utifrå tidspkt. for når kyllingane er på vatnet er ruginga truleg i gong kring 15.04. over det meste av kommunen og egga har ikkje lenger nokon verdi som mat. Det kan likevel i ein skilde område vere aktuelt å sanke egg utover denne tida som rein bestandsregulering. Då reira er spreidd rundt på holmane, kan dei ofte vere vanskelege å finne, slik at ein vanskeleg ser for seg noko eggsanking i stor stil.

Der ein nyttar eggsanking som bestandsregulerande tiltak må ein la det ligg att 2-3 egg i kvart reir. Ein ser det difor som tenleg å få høve til eggsanking fram til 20.04. og vil søkje Fylkesmannen om løyve til dette.

**LITTERATURLISTE**

Direktoratet for naturforvaltning

Handlingsplan for forvaltning av gjess. DN-rapport 1996-2

Follestad Arne

Innspill til en forvaltningsplan for gjess i Norge. NINA-utredning 65, 1994. Norsk Institutt for naturforvaltning.

Frøya kommune, miljø- og næringsavdelinga

Lokal forvaltningsplan for grågås på Hitra og Frøya. 1997

Smøla kommune

Forvaltningsplan for grågås på Smøla. 1999

Vega kommune

Lokal forvaltningsplan for grågås og hvitkinngås på Vega. 1997

**VEDLEGG :**

Registrerte Hekkelokalitetar oppdatert 20.05.2010